

TIRSDAG 9. DESEMBER 2008

■ ■ DAN HAGEN
dan.hagen@ta.no

**CD**

«Belezza Crudel» av Antonio Vivaldi

ARTIST: Barokkanerne

og Tone Wik (sopran)

PLATESELSKAP: Lindberg Lyd



Finslipt barokk

Antonio Vivaldi, barokkens komponist framfor nokon, var utruleg produktiv. Meir enn 400 konserter skriv seg frå hans hand. På denne heilt igjennom vellykka cd-en høyrer vi eit knippe konserter og kantar med Barokkanarane og sopranen Tone Wik.

Vivaldis kantar er som små opera-novellar, der solisten har berre ei handfull

musikkarar med seg på scenen. Her er sjølvsgaht barokkfiolinar, bratsj og cello, og karakteristisk for Vivaldi er hans utstrakte bruk av fagotten. Cd-en med i alt 20 enkeltiarar og satsar er som ei veritabel perlerad av musikk. Mellom høgdepunkta ein nesten uuthaldeleg

vakker largo med altblokkfløytesolo, og Tone Wiks klokkeklares koloratur er ei sak for seg. Høyr berre arien til kjærleiksguden Cupido i kantaten «Hvilken glede gir lengsel, du arme hjerte». Elles gler det ein lokalpatriot å sjå Dalens Karolina Radziej blant fiolinistane i den iøyrefallande fagottkonserthen.

Barokkanerne har i Cafeteateret fått ein eigen arena i hovudstaden, mens opptaka til dette albumet er gjort i Jar kirke. Lydbiletet er som alltid frå 2L nær det perfekte. Dessutan er cd-coveret både lekkert og innhaldsrikt.

■ ■ TORE SKAUG